

FLORØ

– for grønne satsingar
i det store blå



Vi tilbyr alt på eit fat, for at eksisterande næringsliv og nyetableringar skal lukkast med grønne satsingar innanfor havvind, havbruk og maritim industri.

”

Det lokale næringslivet er imponerende offensive på veg mot lavutslepp. Saman med etablerte bedrifter og nye etableringar skal vi omstille vestlandskysten frå det fossile til det fornybare.

Vi skal vere klimanøytrale innan 2030!



Ola Teigen
Ordfører,
Kinn kommune

”

Med den farten næringslivet i Florø har, er det vår jobb å sikre at dei rette verkemidla og verkøya er på plass for å lukkast med berekraftig næringsutvikling. I dette arbeidet er innovasjon og utvikling av nye grønne løysingar heilt sentralt.



Lone Bareksten
Dagleg leiar,
Aksello AS

”

Norway has led the world's adoption of electric cars. EVOY, founded in Florø with headquarters here, and Norway will lead the world's adoption of electric boats.



Leif A. Stavøstrand
Co-founder and CEO,
EVOY

Alt på eit fat!

Florø er Norges vestlegaste by og administrasjonssenter i Kinn kommune. Ein kommune som har sett seg ambisiøse miljømål om å vere klimanøytrale innan 2030. Som den største byen i kommunen, med over halvparten av innbyggjarane, skal Florø saman med eksisterande næringsliv og nyetableringar bidra aktivt til å omstille regionen frå det fossile til det fornybare.

I Florø skjer det allereie store grønne satsingar innanfor eit breitt spekter av industriar, spesielt knytt til «det store blå». På årets kommunebarometer er Kinn topp fem i landet på variert næringsliv.

Då Sjøfartsdirektoratet oppretta tre nye stillingar opp mot det grønne skiftet og framtidens fartøy vart Florø prioritert; «...det skjer mye i regionen rundt den nye teknologien og det grønne skiftet».

Hub For Ocean i Florø – ein medlemsorganisasjon og møteplass for aktørar i havnæringane på Vestlandet – gjer ein viktig jobb som dørøpnar til desse næringane. SIVA-inkubatoren Aksello står klare til å hjelpe berekraftige forretningsidear og knoppskytingar med framtidig grøn verdiskaping.

Florø er ikkje staden der industriområda ligg ein times køyretur frå bysentrum. Byen tilbyr «alt på eit fat»; industriareal på land og i sjø, grøn kraft i eit gunstig prisområde, ferskvatn, hamner og anna infrastruktur. Alt innanfor nokre få kilometer og nokre få minutt. Flyplass, med mange direkte-avganger til Oslo og Bergen, samt hurtigbåt til Bergen og nordover i umiddelbar nærleik gjer Florø til eit knutepunkt.

NHO har dei to siste åra nominert Kinn kommune til årets vertskommune for næringsutvikling i kategorien for store kommunar, med slik grunngeving: «Kommunen ser på næringsutvikling som en sentral del av samfunnsutviklingen. ... Kommunen har vidare etablert et godt, likeverdig og produktivt samarbeid med lokalt næringsliv. En konsekvens av at næring over tid har blitt systematisk prioritert er at kommunen opplever stor vekst i etablering ...»

Florø by har 9000 innbyggjarar, og analyser viser at Florø har eit utbyggingspotensial på 2000 bustadar tett på bykjerna. Kinn kommune vant i 2022 Integrerings- og mangfoldsdirektoratet sin Busettings- og integreringspris. Vi er særleg stolte av kvalifiseringsmodellen REKSAM, som er utvikla i samarbeid med industrikonsernet NorTekstil, der 11 deltakarar med svake norskkunnskapar og låg kompetanse no er i løna arbeid. Vi har god plass og ynskjer fleire velkomen – vi tar godt vare på alle.

Velkomen til Vestland, Kinn og Florø!



Florø – Norges industrihovudstad for grøne satsingar i det store blå!

I Florø sikrer vi tilgang til kritisk infrastruktur for at næringslivet skal lukkast med våre grøne satsingar.

Florø-regionen har stort overskot på fornybar grøn kraft i eit gunstig prisområde, og Sogn og Fjordane Energi/Linja er i prosess med å tredoble den lokale nettkapasiteten.

Vi har allereie kortreist og rikeleg forsyning av ferskvatn, og Kinn kommune har vedteke å bygge ut ei ny råvasskjelde for å forsterke leveringstryggleiken. Keipevatnet, nokre få kilometer frå Florø, har ei middelsvassføring 3 gonger så stor som dimensjonerande vassbehov for Florø, noko som også vil medføre lågare pris.

Kinn kommune har over tid arbeidd svært aktivt med å leggje til rette for næringsutvikling. På Florelandet nord har vi om lag 1.600.000 kvm regulert næringsareal. 1.200.000 kvm av dette er ferdig opparbeid næringsareal. Alt ligg til sjø. I tillegg har vi eit potensiale for vidareutvikling som er tilnærma like stort. Dette innanfor den same geografiske nærleiken. Eksempel er Terøya og Grønenga (bilde under), som ligg aust for Fjordbase, samt Rota. Nye prosjekt for å auka kapasitet på straumnett og ferskvatn inn til Florø ligg rett nord for desse områda.

Vestland Fylkeskommune har i «Grøn region Vestland» peika ut Fjordbase i Florø, Norges største forsyningsbase for oljeindustrien, som ein strategisk maritim grøn hub. Her har ein store satsingar innanfor produksjon og bunkring av fleire nye energiformer for maritim sektor og landbaserte oppdrett for laks og torsk, i tillegg til montering og frakt av offshore vindmøller.

Basen sine satsingar speglar Florø sin ambisjon om å bli spesielt gode innan havvind, maritim industri og havbruk. Næringa har i mange tiår bygd kritisk infrastruktur og kompetanse i verdensklasse.

Vi har det som skal til for at dei blå næringane skal bli ei drivkraft i det grønne skiftet!



HAVVIND

Som Norges vestlegaste by har vi direkte nærleik til kommande havvind konsesjonar på sokkelen. Vi har Norges største forsyningsbase for oljeindustrien, og dermed lang erfaring med store komplekse logistikkoperasjonar til og frå sokkelen. På Fjordbase har dei og utvikla og sett i drift programvaren «Saga Connect», eit digitalt verktøy for å optimalisere verdikjeden for maritime operasjonar på tvers av selskapa på Fjordbase. Det er heller ikkje tilfeldig at Fjordbase har inngått ei avtale med Ocean Grid om samanstilling av deira havvindturbinar (bilde nedanfor).

På verftsområde i Florø, der maritim industri har hatt aktivitet sidan 1940-talet, har Westcon Yards heldt til i mange år. Her har dei djupvasskai og stor innandørs tørrdøkk, der dei utfører reparasjon, vedlikehald og modifisering av skip og riggar. Dei store hallane på verftet eigner seg spesielt godt til bygging av subsea og offshore stålkonstruksjonar. Westcon har ei pågåande stor-satsing på havvindturbinar av stål, og har nyleg inngått avtale om å bygge fundamentet for havvind turbinane til det svenske selskapet SeaTwirl.

Vi har areal tilgjengeleg, kritisk infrastruktur nær sjø, og relevant kompetanse i verdensklasse. Florø ønsker alle aktørar innanfor havvind velkommen!



MARITIM INDUSTRI

Å flytte transport frå veg til grøn energi på sjø har lenge vore eit politisk mål – og her i Florø har vi tjuvstarta.

Multi Maritime har designa verdas første cruiseskip som skal gå på hydrogen, og Brødrene AA har inngått kontrakt med Norled om bygging av to elektriske hurtigbåtar.

Westcon har allereie ferdigstilt hybridisering av seks bilferjer for Florø-baserte Fjord 1, og verftet posisjonerer seg dermed som ein av Norges leiande leverandørar av batteridrivne ferjer.

Ikkje minst så har vi Evoy – havets Tesla – som leiar verdas overgang til elektriske båtar. Evoy har dei siste åra vore gjennom ei imponerende reise, og har verdsleiande kompetanse i å utvikle dei beste elektriske framdriftssystema for maritim industri.

I Florø er vi i front på nye energibærarar for maritim industri. På Fjordbase kjem verdas første bunkringsstasjon for ammoniakk, og HyFuel (og på Fjordbase) er erklært som 1 av 5 hydrogenknutepunkt i Norge, og skal produsere hydrogen med tilhøyrande bunkringsfasilitetar. Anlegga skal stå ferdig i 2024.

For å få auka fokus på maritim hydrogen etablerte Hub for Ocean si eiga maritime hydrogenklynge i Florø, Ocean Hyway Cluster. Ocean Hyway Cluster har gjennom deltaking i mellom anna desse to prosjekta og sin årlege internasjonale hydrogen konferanse i Florø ei kritisk rolle for å realisere hydrogen til maritimt bruk.

Florø er ei sentral hamn og eit viktig skipsanløp, med nytt kontorbygg, båt- og bussterminal og landstraum på hamna i sentrum.

Vi har det som skal til for at heile verdikjeda i den maritime industrien skal bli ei drivkraft i det grønne skifte, og vi er allereie godt i gang!





HAVBRUK

Frå dei første pionerane som starta med lakseoppdrett for over 50 år sidan, så har Florø-regionen nå tusenvis av arbeidsplassar innanfor heile verdikjeda til havbruksnæringa.

Cargill har ein av verdas største og mest moderne fiskefôrfabrikkar i Florø. Eit stort tal med oppdrettarar driv både med smoltproduksjon og oppdrett av laks og torsk. Snart blir det eksisterande lakseslakteriet erstatta av eit nytt, stort og moderne slakteri. Her skal ein ta i mot og foredle verdas beste mat frå den lokale havbruksnæringa.




Vi har heile verdikjeda ... frå fôr til bord. Florø vil, når dei planlagde prosjekta er landa, bli havbrukshovudstaden i Norge.

Administrerende direktør i INC Invest, Geir Johannessen (Firdaposten, 18. august 2021)

Marine grunnkart, inkludert naturtypekartlegging, skal sikre at Florø-regionen frå 2024 har ei areal og reguleringsplan for sjø som øymerker område for spesielt gunstige satsingar, og samtidig vernar havbotnen og livet i havet.

Vi skal i lag utvikle Norges grønaste havbruk, og vi er godt i gang. Både Steinvik Fiskefarm og Havlandet Havbruk har spennande prosjekt knytt til oppdrett på land. Svanøy Havbruk er det første oppdrettsselskapet i verda som tar i bruk bølgekraft for å elektrifisere sine anlegg. Det skjer og mykje FoU-aktivitet innanfor havbruk. Havlandet Havbruk har testa ut og forska på å produsere torskeyngel og fått den til å vekse på land i 20 år. Svanøy Havbruk har nyleg starta eit prosjekt, saman med FoU-institusjonen Nofima, som skal sjå og forske på korleis styrking av hjartet sin pumpefunksjon på regnbueørrett skal gi auka fiskevelferd og redusert dødelegheit og svinn.

Florø – i lag for Norges grønaste havbruk.



FLORØ

– Norges industrihovudstad
for grønne satsingar i det store blå!



KONTAKT

Kinn kommune:

Rolf Bjarne Sund, Kommunalsjef samfunn, kultur og miljø

E-post: rolfbjarne.sund@kinn.kommune.no

Telefon: 917 10 500

Aksello AS:

Lone Bareksten, Dagleg leiar

E-post: lone@aksello.no

Telefon: 472 62 635



Vestland
fylkeskommune



Kinn
kommune



Flora Industri- og Næringsforening

B FJORD BASE AS



SFE